

## Region Nordhordland - oppsummering og prioritering av søknadar om skjønsmidlar 2020

Godkjent av Regionrådet i Nordhordland 17. april 2020

Prosjekt	Varigheit	Søklar-kommune	Krit. FM	Søkt om	Pri.	Tildelt frå FM
Etablering av interkommunalt barnevern for kommunane Austrheim og Fedje med Alver kommune som vertskommune	01.01.2020 - 31.12.2020	Austrheim	1	1 000 000	1	750 000
Organisasjonsutvikling for ein berekraftig økonomi	01.05.2020 - 31.12.2020	Osterøy	Ingen spes	690 000	1	0
Kunnskapsdriven berekraft. Nordhordland Unesco Biosfære	01.06.2020 - 01.06.2021	Osterøy	3	800 000	1	400 000
Vidareutvikling av samarbeidsmodell for å rekruttere og behalde psykologkompetanse i kommunane i Nordhordland	12.03.2020 - 31.12.2020	Modalen	1, 3	250 000	1	200 000
Fag- og tenesteutvikling i Region Nordhordland Helsehus - fase 3/3.	01.01.2020 - 31.12.2021	Alver	1, 2, 3	310 000	1	300 000
Vidareutvikling av digitale ROS i heile organisasjonen - Breiva	01.04.2020 - 13.12.2020	Alver	3	400 000	2	0
"Adaptivdialog = samfunnsdialog" "Kunstprosjekt digitale bilete av Alver" Innovativ innbyggjarinnvolvering i planlegging	15.03.2020 - 15.12.2020	Alver	2	300 000	3	0
IDA-Innovativ datafangst og analyse frå droner og mobil	01.03.2020 - 27.12.2020	Alver	2	550 000	4	0
ROS Nordhordland brann og redning	01.04.2020 - 01.07.2021	Alver	3	500 000	5	250 000
www.nordhordlandskart.no - no betre!	03.05.2020 - 30.04.2021	Alver	2	800 000	6	0
Regional samhandling, felles planverk og kunnskapsgrunnlag ved hending	01.05.2020 - 02.05.2021	Alver	3	400 000	7	0
NGIB-kartet digitalisering av særskilte brannobjekt og risikoområder (brann)	01.01.2020 - 31.12.2021	Alver	3	500 000	8	250 000
<b>Total sum frå Region Nordhordland</b>				<b>6 500 000</b>		2 150 000

Felles kontaktsenter i randkommunane, Nordhordland.

Søkt av

Vaksdal

100 000

# Region Nordhordland - oppsummering og prioritering av søknadar om skjønsmidlar 2020

Godkjent av Regionrådet i Nordhordland 16. april 2020

Prosjekt	Varigheit	Søklar-kommune	Krit. FM	Søkt om	Pri.	Merknad.
Etablering av interkommunalt barnevern for kommunane Austrheim og Fedje med Alver kommune som vertskommune	01.01.2020 - 31.12.2020	Austrheim	1	1 000 000	1	Austrheim og Fedje i samarbeid med Alver. Det vart tildelt kr 500 000,- for 2019 med klare føringar om å gå inn i ein prosess for å få etablert eit interkommunalt barnevern i samarbeid med Alver kommune. Intensjonsavtalen er på plass. Gjennom prosjektet skal ein gjennomgå og utvikle eit meir robust barnevern, og etablere eit fastsamarbeidande nettverk mellom Austrheim/Fedje, dei mindre kommunane i regionen, og det større barnevernfaglege miljøet i Alver kommune. Følgjande oppgåver er lagt inn i denne prosessen: - Personalprosessar for overføring av personalet til ny vertskommune. - Fullstendig fagleg gjennomgang av alle aktive saker i Austrheim og Fedje barnevern. - Konvertering og overføring av arkiv til den nye vertskommunen. - Etablering av tverrfagleg samarbeid mellom Alver Barnevern og tenestene for barn og unge i Austrheim og Fedje. - Etablering av rapportering og oppfølging av tenestene inn mot administrativt og politisk nivå i kommunane. - Etablering av rutinar for akuttberedskap for kommunane med omsyn til barnevern. - Styrking av fagleg kapasitet i overgangsfasen. Samarbeidskommunar: Fedje og Alver.
Organisasjonsutvikling for ein berekraftig økonomi	01.05.2020 - 31.12.2020	Osterøy	Ingen spes	690 000	1	Osterøy kommune har gjennom fleire år slitt med økonomien og er no i ROBEK. Kommunen treng å auke kompetanse og sette fokus på den relasjonelle sia av leiarrolla for å få dei tilsette med på omstillings- og utviklingsarbeid, som kommunen på grunn av den økonomiske situasjonen, må ta fatt i. Målsetting: Å utvikle den relasjonelle kompetansen til tilsette i alle ledd i organisasjonen. Kommunen ynskjer å gjennomføre dette kurset for alle leiarar gjennom Dialogkafekonseptet (55 personar) i løpet av 2020. Osterøy kommune skal bygge endringskapasitet hos sine leiarar og dei tilsette. Endringskapasitet må byggjast i mellomleinga, for dei er tettast på dei tilsette. Kunnskap i prosessleing er metoden som skal bidra til å lukkast med omstilling i heile organisasjonen. Leiarane skal få verky til å stimulerere til samarbeid i eiga gruppe og på tvers i organisasjonen, og skape ein meir open og trygg arbeidsplass, der ein utfordrar dei tilsette sitt potensiale. Leiarane skal stimulere og inspirere motiverte medarbeidarar som tar ut heile sitt potensiale; fagleg og sosialt. Ein ynskjer med prosessleing å fremje en kultur der 2+2 = 5. Dette vil gi gevinster som til dømes auka kvalitet, meir effektive arbeidsprosessar og lågare sjukefråvær (forskningsbaserte resultat).

Kunnskapsdriven berekraft.	01.06.2020 - 01.06.2021	Osterøy	3	800 000	1	Fellessøknad innan Unesco Nordhordland biosfæreomrde for alle kommuner inkl. Øygarden og Vaksdal. Delprosjektet "Kunnskapsdriven berekraft" tek tak i utfordringa det er å forme eit berekraftig samfunn, og legg grunnlaget for samarbeid, samhandling og konkrete prosjekt mellom leiande kunnskapsinstitusjonar og Nordhordland UNESCO Biosfæreområde. Mål: Å legge til rette for ei kunnskapsdriven berekraftig utvikling i Nordhordland. 4 strategiar for å nå målet: 1. Utvikle samarbeid med Universitetet i Bergen og andre forskingsinstitusjonar, 2. Sikre at forskingsmiljø vert involvert i problemstillingar som er relatert til berekraftig samfunns- og næringsutvikling i regionen, 3. Utvikle gode kommunikasjonsplattformer og ulike arenaer for dialog mellom forskings- og kunnskapsmiljø, kommunane, regionalt næringsliv, dei frivillige og andre samfunnsaktørar, 4. Skape forståing for kva statusen som biosfæreområdet inneber for regionen - gjennom formidling og kunnskapsdeling. Samarbeidskommunar: Alver, Austrheim, Bergen, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Vaksdal og Øygarden, saman med FN-sambandet i Norge.
Vidareutvikling av samarbeidsmodell for å rekruttere og behalde psykologkompetanse i kommunane	12.03.2020 - 31.12.2020	Modalen	1, 3	250 000	1	Fellessøknad for alle kommunane i regionen. Det var i 2019/20 gjennomført eit forprosjekt med mål om å utarbeide forslag til samarbeidsmodell for å løyste utfordringane med å rekruttere og behalde psykologkompetanse i kommunane i region Nordhordland. Delprosjektet ein søker midlar til, er å vidareføre fase 1 - forprosjekt (jamfør vedlagt projektrapport) og planlegge/førebu for fase 2 - pilotering/utprøving av samarbeidsmodell. Forslag til samarbeidsmodell tek utgangspunkt i eit interkommunalt samarbeid med fokus på rekruttering av psykologar til eit større og meir stabilt fagmiljø. Tiltak i delprosjektet er: 1. få på plass interkommunale avtalar om utvikling av felles fagmiljø for psykologar i kommunane med fokus på funksjon, kompetanse- og tenesteutvikling, 2. utarbeide avtale med Helse Bergen HF om felles spesialiseringsløp for kommunepsykologar i spesialisering ("KOMPIS"), og 3. etablere avtale om praksisplassar for psykologstudentar i samarbeid med Universitetet i Bergen. Samarbeidskommunar: Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Osterøy, saman med Helse Bergen HF.
Fag- og tenesteutvikling i Region Nordhordland Helsehus - fase 3/3	01.01.2020 - 31.12.2021	Alver	1, 2, 3	310 000	1	Fellessøknad for alle kommunane i regionen. Samlokaliseringa av tenestene i Helsehuset legg godt til rette for å skapa sterke fagmiljø og ei felles satsning på fag- og tenesteutvikling, læring og rekruttering av nødvendig kompetanse til regionen. Mål for delprosjektet Fag- og tenesteutvikling er å etablere prinsipp og rammer for samarbeid om fag- og tenesteutvikling som bidrar til å realisere samlokaliseringsevinstar og som støttar opp under formåla til prosjekt Region Nordhordland Helsehus. For å nå måla er det utarbeida følgjande strategiske innsatsområder for delprosjektet: - Digitalisering, utvikling og bruk av digitale samhandlingsplattformer. - Interkommunalt samarbeid og samhandling som bidrar til å styrke kommunale tenester innan oppvekst og helse- og omsorgsfeltet. - Kunnskapssenteret som felles arena for utvikling-, opplæring- og kompetansebygging. - Forsking og utvikling i samarbeid med eksterne kompetansmiljø. Samarbeidskommunar: Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy.
Vidareutvikling av digitale ROS i heile organisasjonen - Breiva	01.04.2020 - 13.12.2020	Alver	3	400 000	2	Samfunnstryggleik og beredskap. Rådgjevarane for samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune laga eit verktøy for digital prosess for ROS, Breiva., for overordna ROS. Ein har etter kvart sett at det må vera del i ein prosess i teneste- og einingsros. Mål med prosjektet: 1. Breiva som gjennomgåande metode og verktøy for alle tenesteområde i Alver kommune. 2. Enkel brukarflate for drift, opplæring og bruk. 3. Tilpassing av Breiva til tenestene, eit døme er helse. 4. Breiva som generator for rapportar og handlingsplanar. 5. Breiva kopla med kommunen si webkartløyising, Adaptive Breiva delt med andre kommunar.

<p>"Adaptivdialog = samfunnsdialog"  "Kunstprosjekt digitale bilete av Alver"  Innovativ innbyggjarinnvolvering i planlegging</p>	<p>15.03.2020 -  15.12.2020</p>	<p>Alver</p>	<p>2</p>	<p>300 000</p>	<p>3</p>	<p>Digitale kart og planverktøy. Mål: Skape engasjement i planarbeid ved bruk av nye digitale verkemiddel, få barn og unge engasjert. Delprosjekt 1: Kunstprosjekt digitale bilete av Alver - involvere barn og unge i planlegging. Etablere eit digitalt kunstprosjekt med grafiske framstillingar som folk kjenner igjen. Innbyggjarane skal gå inn på nettsida og skalere ulike element i illustrasjonen. Folk kan sende inn «sin» illustrasjon. Dette vil senke terskelen for å komme med innspill for barn og unge, og få diskusjon om kva dei opplever som viktig. Få i gang diskusjonar om ønska utvikling i Alver. Profilerer arbeidet med planarbeid på ein nyskapande måte. Delprosjekt 2: Adaptiv dialog = samfunnsdialog - bruke digitale kartløyser i medverknadsprosjektet. Alver kommune har etablert teknologi for innsamling av stadfesta informasjon gjennom bruk av <a href="http://www.nordhordlandskart.no">www.nordhordlandskart.no</a>. Innspela kan nyttast med anna informasjon og kunnskap. Visuelle innspel vert delbare i kart. Kommunen vil etablere nye måtar å nytta eksisterande kartteknologi på i planlegginga.</p>
<p>IDA-Innovativ datafangst og analyse frå droner og mobil</p>	<p>01.03.2020 -  27.12.2020</p>	<p>Alver</p>	<p>2</p>	<p>550 000</p>	<p>4</p>	<p>Alver kommune vil med dette prosjektet løysa hovudfordringar med uttrykte og nominelle krav til sterk effektivisering innan drift og vedlikehald av bygningsmasse og andre anlegg. Målet med prosjektet er å utvikla og ta i bruk ny metodikk og teknologi for å tryggare kunna fastslå teknisk tilstand (byggkvalitet og integritet), finna skader og feil ved bygg og anlegg på tidlegare stadium enn før. Vidare vil datafangst og analyse ha til mål å få fram meir nøyaktig posisjon og omfang av skade eller tidleg skade under utvikling, slik at me kan gjera betre prioriteringar, bruka mindre arbeidskraft og ha lågare kostnader ved reparasjon og utbetringar. Prosjektet vil gjennomførast straks frå løyving av midlar, og slutførast i desember 2020. Aktivitetane i prosjektet vil vera: 1. Utval og prioritering av objekt for datafangst og analyse. 2. Datafangst og 3D-modelling av bygg og anlegg. 3. Termisk datafangst og analyse av bygg og anlegg. 4. Utvikling og tilrettelegging av datastøtta analyse og overgang tilprioriteringar og arbeidsplanar. 5. Utvikling av modellar for måling av effektiviseringsgevinstar. 6. Evaluering.</p>
<p>ROS Nordhordland brann og redning</p>	<p>01.04.2020 -  01.07.2021</p>	<p>Alver</p>	<p>3</p>	<p>500 000</p>	<p>5</p>	<p>Safunnstryggleik og beredskap. Nordhordland brann og redning (NHBR) blei etablert i 2019, eit samarbeid mellom kommunane Lindås, Meland, Radøy, Modalen og Austrheim, og har beredskapsansvaret ved akutte hendingar og gjennomfører brann- og ulykkes førebyggjande aktivitetar regionen. Brann- og redningstenestene er ein viktig ressurs i kommunens ivaretaking av beredskapsplikten, og er også sentrale i den lokale og regionale beredskapen ved akutt forureining. Etter samanslåinga, er Alver kommune vertskommune for dette brannsamarbeidet. Det eksisterande datagrunnlaget er fragmentert på dei gamle kommunegrensene. Det nye samarbeidet saman med kommunane gjer at NHBR ser behov for å få ei samla vurdering av korleis risikobiletet er for heile ansvarsområdet. Hovudmålet er å få eit oppdatert bilete på kva uønskte hendingar som kan skje i ansvars- og verkeområdet til Nordhordland brann og redning og få fram best moglege tiltak for å møte desse hendingane. Prosjektet er delt i 3 delar; kartlegging, analyse og evaluering. Samarbeidskommunar: Austrheim og Modalen.</p>

www.nordhordlandskart.no - no betre!	03.05.2020 - 30.04.2021	Alver	2	800 000	6	Fellessøknad for alle kommunane i regionen. Digitale kart og planverktøy. Målet med prosjektet er å få www.nordhordlandskart.no som den enklaste og den føretrekte løysinga for kartdata på digital flate for kommunikasjon og dialog med innbyggjarar og samhandlande partar. I prosjektet skal ein vidareutvikla www.nordhordlandskart.no, og gjera det til eit betre kartinformasjonsverktøy som kan nyttast óg av andre kommunar. Prosjektet er delt i to faser, der fase 1 har fokus på utarbeiding av lokal kartkatalog, og i fase 2 vert arbeida med brukargrensesnitt. Samarbeidskommunar: Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal.
Regional samhandling, felles planverk og kunnskapsgrunnlag ved hending	01.05.2020 - 02.05.2021	Alver	3	400 000	7	Samfunnstryggleik og beredskap. Prosjektet skal kartleggja kva faktorar som påverkar samhandlinga ved hendingar og som aktørane må kjenna til «effekten» av viss dei blir ikkje blir handert etter dei fire beredskapsprinsippa. Det skal utarbeidast eit omforrent beslutningsgrunnlag som gir opplysningar om aktørane sine føringar ved ei hending. Dette dokumentet skal verta ein integrert del i aktørane sin planar. Prosjektet skal utarbeide ein mal for kva forhold aktørane må samarbeide om. Samla aktørar for å løfte utfordringa og ta ansvar for arbeidet som eit samarbeidsprosjekt med aktørar som har ansvar for infrastruktur/funksjonar som går på tvers av kommune og regionale ansvarsområde. Men som må samarbeide for å få ei optimal handtering av ei hendings som løyser utfordringane i det «store bilete» for det beste for samfunnet som heilhet og ikkje ein aktør sine prioriteringar isolert sett.
NGIB-kartet digitalisering av særskilte brannobjekt og risikoområder (brann)	01.01.2020 - 31.12.2021	Alver	3	500 000	8	Samfunnstryggleik og beredskap. Hovudmålet er å utarbeide eit digitalt system for gjennomføring og dokumentasjon av risikobasert tilsyn og kartlegging av risikogrupper/risikoområder i kommunane i NGIB-samarbeidet. Vidare skal metoden/programmet vera så enkel og sjølvforklarande at det ikkje krev noko særleg datakunnskap eller utvida opplæring for å kunne nytte metoden/programmet. Prosjektet skal ende med eit saksbehandlingssystem for NGIB brannførebyggjande avdeling til bruk ved tilsyn i særskilte brannobjekt og førebyggjande aktivitet mot risikogrupper elles. Prosjektet vil føre til at aktivitet vert sett i system og at aktiviteten vert sporbar. Prosjektet skal gjere at avdelinga kan kartlegge risikoobjekt /risikogrupper og dokumentere det brannførebyggjande arbeidet i kommunane. Prosjektet vil knytte saman underlag frå ulike fagfelt, noko som er innovativ for kommunen. NGIB vart etablert i 2000, og er eit interkommunalt brannførebyggjande samarbeid etter vertskommune-prinsippet. Prosjektet vil bidra til at brannrisikoen i kommunane vert dokumentert på ein heilt ny og meir tilgjengeleg måte for brannsjef og andre i samarbeidskommunane.
<b>Total sum frå Regionen</b>				<b>6 500 000</b>		

Søknadssum er justert i forhold det Regionen trur vil kunne vera realistisk i forhold til pro rata tildeling og erfaringar frå tidlegare. Ein vektlegg også at prosjekt vil kunne gå over fleire år, og at dei derfor også søker neste år.

### Fylkesmannen vil særleg prioritera desse områda i 2020:

#### 1. Kommunale tenester til:

- helse og omsorg t.d. velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri

- barnehage- og skulemiljø
- barnevern eller barn som er utsette for vald og overgrep

**2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald:**

- samarbeidsprosjekt som gjer at flest mogeleg av kommunane i fylket brukar same kompetanse- og teknologiplattform, vert prioriterte

**3. Samfunnsutvikling til dømes på desse områda:**

- rekruttering
- interkommunalt planarbeid til dømes om folkehelse, massedeponi, oppdrett og akvakultur
- kommunale planverktøy og digitale kart
- samfunnstryggleik og beredskap
- klimatilpassing eller tiltak for å redusera klimagassutslepp

**4. Interkommunale utviklingsprosjekt:**

- tenestesamarbeid på område der det har oppstått endringar som følgje av kommunereforma
- samarbeid om skogbruks- og landbruksforvaltninga